



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Digitalt møte
Dato: 10.02.2022
Tid: Kl. 09:00 - 17:00

Følgjande medlemmer møtte

Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Bente Nygård	Kinn AP
Kim Gunnar Jensen	Kinn AP
Lars Terje Standal	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Petter Karl Refsnes	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Stine Kråkenes Øvrelid	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Kristian Skibenes	Kinn H
Morten Andreas Hagen	Kinn H
Vidar Grønnevik	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Odd Bovim	Kinn MDG
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Asgeir Olav Solheim	Kinn SP
Fredrik Smiley Egeberg	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Randi Hagevik Aare	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Tom Andrè Vedvik Hopland	Kinn SP
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Hilmar Eliasson	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V
Jan Henrik Nygård	Kinn V

Forfall

Ronny Cassells
Miriam Johanne Nesje
Kine Andersen Nygård
Daniel Erik Adrian Henriksson
Sunniva Audardottir Oldeide
Torgunn Elisabeth Eikevik
Marie Kristine Øverås Jensen

Parti

Kinn AP
Kinn FrP
Kinn MDG
Kinn Rødt
Kinn Rødt
Kinn SP
Kinn SV

Varamedlem

Doris Christensen
Kjell-Magne Kvalheim
Marte Hollevik
Roy Solheim Husevåg
Geir Kråkenes
Øystein Sortland
Bente Nilsen

Parti

Kinn AP
Kinn FrP
Kinn MDG
Kinn Rødt
Kinn Rødt
Kinn SP
Kinn SV

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møte	Merknad
Kristian Skibenes	007/22		Erklært inhabil jf. forvaltningslova § 6 a.

Møtenotater:

Ordførar Ola Teigen fråtreidde møtet kl. 15.30, varaordførar Sidsel Kongsvik tiltredde som ordførar frå og med sak 004/22. Inger Strand Kvalheim vara for AP frå same tidsrom og sak.

Jan Arve Midtbø fråtreidde møte kl. 16.40 under handsaming av sak 016/22.

Geir Kråkenes fråtreidde møte kl. 16.40 under handsaming av sak 016/22, vara Hege Brandsøy tiltredde.

Frå administrasjonen møte:

Kommunedirektør Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef Norunn Stavø, kommunalsjef Runa Nybakk, kommuneoverlege Kjell-Arne Nordgård, møtesekretær Frida Rogne.

Andre som møte:

Ungdommens kommunestyre v/ Håkon Heggen
Kontrollutvalet v/ Kjell Heggen

Orienteringssaker:

- Introduksjon av kommuneoverlege Kjell-Arne Nordgård og orientering om smittesituasjon

Ymse:

Ordførar orienterte om diskusjon i formannskapet om arbeidsgjevarrolla og korleis ein varsla i kommunen. Ordførar og kommunedirektør ser på moglegheit for ein ny dag med folkevaldopplæring og kjem tilbake med dato.

Skjønnsnemda sitt vedtak i sak om Bryggja-oppgjeret vart sendt til kommunestyremedlemmane per e-post.


Utsatte orienteringssaker:

orienteringane om Kinn KURS KF, bemanningsprosjektet og prosjektgjennomføringsmodellen vart utsett til neste møte.

Florø, 10.02.2022
Ola Teigen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/22	Godkjenning av møteprotokoll
003/22	Ei eventuell kommunedeling, presisering av vedtak
004/22	Skram skole - Vegen vidare
005/22	Oppgradering av modulbygget på Tennebø
006/22	Revidert vertskommuneavtale om interkommunale helsetenester ved Nordfjord sjukehus
007/22	Skjenkeløyve Måløy Spiskammers AS
008/22	Nytt arkivbygg og tilslutning til depotavtale for Kinn kommune
009/22	Nyval av representantar til styret i Bordgleder Kinn kommune KF
010/22	Nyval av representantar til styret i Florø hamn Kinn kommune KF
011/22	Nyval av representantar til styret i Havhesten Kinn kommune KF
012/22	Nyval av representantar til styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF
013/22	Val av nytt oppvekst- og kulturutval
014/22	Interpellasjonar
001/22	Interpellasjon til KS den 23.09.2021
015/22	Nyval av kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne
016/22	Besøksbidrag, søknad om deltaking i pilotprosjekt
017/22	Refererte skriv og meldingar



Saksnr.	Utval	Møtedato
001/22	Kommunestyret	10.02.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunestyret 10.02.2022:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Grunna smittesituasjonen vart det bestemt å arrangere digitalt møte istaden for fysisk møte i Måløy. Fleire representantar ønska ikkje møte grunna smitte, og fleire var også nærkontaktar.

Asgeir Solheim og vara for Raudt manglar innkalling til kommunestyret, sekretariatet sjekkar mailliste.

Innkalling godkjent.

Godkjenning av sakliste:


Godkjent, med rokering på orienteringssaker som vert tatt sist i møtet.
Merknad om at det i saksdokumenta til sak 004/22 står feil saksnummer.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 001/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/1333
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 12.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/22	Kommunestyret	10.02.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunestyret 10.02.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 002/22 Vedtak:


Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 14.12.2021

Protokoll - Kommunestyret - 10.12.2021



Saksnr.	Utval	Møtedato
005/22	Formannskapet	01.02.2022
003/22	Kommunestyret	10.02.2022

Ei eventuell kommunedeling, presisering av vedtak

- Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Klargjere kva konsekvensar delinga vil få for den utskilte kommunen og gjenverande kommune knytt til
 - samfunnsutvikling
 - tenester til innbyggjarane
 - økonomi
 - utøving av mynde
 - lokaldemokrati
 - kommunen som arbeidsgivar
- Klargjere kva prosessen fram til oppløysning vil innebere av kostnadar til prosjekt og organisering
- Synleggjere i kva grad det vert behov for kjøp av tenester og interkommunalt samarbeid i dei nye organisasjonane

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 01.02.2022

Formannskapet viser til vedtak i sak 179/21, inndelingslova § 8 og brev fra kommunal- og distriktsdepartementet datert 28.01.22, og ber kommunedirektøren klargjere ein søknad om utgreiing av ei deling til statsforvaltaren. Denne utgreiinga skal ligge til grunn for ei ev folkerøysting om deling av kommunen. Søknaden skal opp for kommunestyre 10.02.22.

I søknaden skal omsyna i administrasjonen sitt framlegg takast med i søknaden etter inndelingslova.

Formannskapet 01.02.2022:

Handsaming:

Forslag frå Senterpartiet, foreslått av Sidsel Fænn Kongsvik, Kinn Senterparti
Formannskapet viser til vedtak i sak 179/21, inndelingslova § 8 og brev fra kommunal- og distriktsdepartementet datert 28.01.22, og ber kommunedirektøren klargjere ein

søknad om utgreiing av ei deling til statsforvaltaren. Denne utgreiinga skal ligge til grunn for ei ev folkerøysting om deling av kommunen. Søknaden skal opp for kommunestyre 10.02.22.

Tillegg/ending:, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

"Klargjere kva konsekvensar delinga vil få for den utskilte kommunen og gjenverande kommune" osv. vert retta til:

"Klargjere kva konsekvensar delinga vil få for dei to nye kommunane som i så fall vert å opprette" osv.

Nytt bokstavpunkt under første punkt:

"Eigarskap, herunder deltaking i interkommunale selskap".

Presisering/tillegg punkt om "utøving av mynde":

"Utøving av mynde - herunder øvrige forvaltningsoppgaver som ikkje er medrekna i øvrige punkt".

Presisering/tillegg om "økonomi":

"Økonomi - herunder framtidig økonomisk handlingsrom for dei to nye kommunane etter delinga."

Tilleggsframlegg fra MDG til Sps framlegg, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

"I søknaden skal omsyna i administrasjonen sitt framlegg takast med i søknaden etter inndelingslova."

Subsidiært framlegg, om Sps framlegg faller, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

"Med bakgrunn i brev fra kommunal- og distriktsdepartementet datert 28.01.22, ber formannskapet om at saken vert teke opp i kommunestyre 10.02.22."

Røysting:

Tilrådinga til kommunedirektøren falt mot 5 røyster (Ap, FRP, V)

Framlegget til Sp ved Kongsvik fekk 6 røyster (Sp, Raudt, MDG og H) og vart vedteke

Framlegget til V om tillegg/ending ved Nødseth vart ikkje røysta over.

Tilleggsframlegget frå MDG til Sp til framlegg ved Bovim vart samrøystes vedteke.

FORM- 005/22 Vedtak:

Formannskapet viser til vedtak i sak 179/21, inndelingslova § 8 og brev fra kommunal- og distriktsdepartementet datert 28.01.22, og ber kommunedirektøren klargjere ein søknad om utgreiing av ei deling til statsforvaltaren. Denne utgreiinga skal ligge til grunn for ei ev folkerøysting om deling av kommunen. Søknaden skal opp for kommunestyre 10.02.22.

I søknaden skal omsyna i administrasjonen sitt framlegg takast med i søknaden etter inndelingslova.

Kommunestyret 10.02.2022:

Handsaming:

Forslag til taletid, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

1. Fra og med neste innlegg etter 11.33 blir taletiden satt som følger

3 minutter for innlegg

1 min for replikk

1 min for svarreplikk

2. Taletiden gjelder ikke for hvert parti sitt første innlegg.

Forslag frå Krf, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti

1. Kommunestyret opprettheld vedtaket i sak 179/21 og ber om assistanse frå statsforvaltaren til gjennomføre konsekvensutredninga.
2. Kommunestyret ber om at utredninga klargjer kva konsekvensar delinga vil få for den utskilte kommunen og gjenverande kommune knytt til

- a) samfunnsutvikling
- b) tenester til innbyggjarane
- c) økonomi
- d) utøving av mynde
- e) lokaldemokrati
- f) kommunen som arbeidsgivar

3. Klargjere kva prosessen fram til oppløysning vil innebære av kostnadar til prosjekt og organisering

4. Synleggjere i kva grad det vert behov for kjøp av tenester og interkommunalt samarbeid i dei nye organisasjonane

Framlegg fra MDG, Sp og R, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne
Framlegg til vedtak i kommunestyret 10.2.22:

Kommunestyret sender slikt brev til kommunal- og distriktsdepartementet:
«Vedrørende Kinn kommune – søknad om utgreiing av deling, initiativ etter inndelingslova § 8, 2. ledd

Kommunestyret viser til brev frå kommunal- og distriktsdepartementet datert 28.1.22, og vil med dette få søke om utgreiing av deling av Kinn kommune etter inndelingslova § 8, 2. ledd.

Grunngjeving, jf. inndelingslova § 8, 4. ledd

[Søknaden er grunngjeve med at erfaringene som er gjort i løpet av perioden viser at ein samanslått kommune, gitt reiseavstandar og ulikskap i kultur og semje i viktige sakar ikkje gjev ein optimal framtidig struktur for kommunen. Det er óg ønskjeleg for kommunen at folket skal høyrast gjennom folkerøysting om tilhøva, jf. inndelingslova § 10. Kommunestyret sitt fleirtal vurderer at det er naudsynt med ei utgreiing som omsøkt for å få avklart om det vil vere positivt for innbyggjarane å halde fram med ein kommune utan felles grenser. Kinn kommunestyre konstaterer at der er betydelig motstand mot den sammenslåtte kommunen Kinn blant innbyggerne. For å få ro i denne saken ser vi behov for å få utreda om Kinn sin vidare framtid.

Vi ber difor om at Statsforvalteren gjennomfører slik utgreiing. Vi understreker samtidig at Kinn kommunestyre ikkje med dette har teke endeleg stilling til å Kinn bør delast opp eller ikkje. Det vil vi først ta stilling til etter at slik utgreiing er gjort]

Forslag til nye grenser, jf. inndelingslova § 8, 4. ledd

Grensene til eventuelle inndelte kommuner skal være på ein slik måte at den eine delen skal vere den delen av Kinn som er på nordsida av Bremanger, medan den andre skal vere på sørsida.

Venleg helsing

Kinn kommunestyre v/ordføraren (s)

Framlegg fra Sp, R, MDG - korrigeret, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne
Vedtak i kommunestyret 10.2.22:

Brev til kommunal- og distriktsdepartementet:

«Vedrørende Kinn kommune – søknad om utgreiing av deling, initiativ etter inndelingslova § 8, 2. ledd

Kommunestyret viser til brev frå kommunal- og distriktsdepartementet datert 28.1.22, og vil med dette få søke om utgreiing av deling av Kinn kommune etter inndelingslova § 8, 2. ledd.

Grunngjeving, jf. inndelingslova § 8, 4. ledd

[Søknaden er grunngjeve med at erfaringene som er gjort i løpet av perioden viser at ein samanslått kommune, gitt reiseavstandar og ulikskap i kultur, samt usemje i viktige sakar ikkje gjev ein optimal framtidig struktur for kommunen. Det er óg ønskjeleg for kommunen at folket skal høyrast gjennom folkerøysting om tilhøva, jf. innledingslova § 10. Kommunestyret vurderer at det er naudsynt med ei utgreiing som omsøkt for å få avklart om det vil vere positivt for innbyggjarane å halde fram med ein kommune utan felles grenser. Kinn kommunestyre konstaterer at der er betydelig motstand mot den sammenslåtte kommunen Kinn blant innbyggerne. For å få ro i denne saken ser vi behov for å få utreda om Kinn sin vidare framtid.]

Vi ber difor om at Statsforvalteren gjennomfører slik utgreiing. Vi understreker samtidig at Kinn kommunestyre ikkje med dette har teke endeleg stilling til å Kinn bør delast opp eller ikkje. Det vil vi først ta stilling til etter at slik utgreiing er gjort]

Forslag til nye grenser, jf. inndelingslova § 8, 4. ledd

Grensene til eventuelle inndelte kommuner skal være på ein slik måte at det fylgjer dei gamle kommunegrensene. (Dette inneber at den eine delen skal vere den delen av Kinn som er på nordsida av Bremanger, medan den andre skal vere på sørsida.)

Venleg helsing

Kinn kommunestyre v/ordføraren (s)

Røysting:

Framlegg om taletid frå repr. Bovim falt mot 2 røyster frå MDG.

Framlegg frå Krf falt med 18 røyster frå Krf, Venstre, FRP, AP og H v/ repr. Grønnevik.

Korrigert fellesframlegg frå Sp, Raudt og MDG vedtatt med 21 røyster frå SV, MDG, SP, Raudt og H v/ repr. Berg, Hagen, Vågene, Kristensen og Skibenes.

KOST- 003/22 Vedtak:

Brev til kommunal- og distriktsdepartementet:

«Vedrørende Kinn kommune – søknad om utgreiing av deling, initiativ etter inndelingslova § 8, 2. ledd

Kommunestyret viser til brev frå kommunal- og distriktsdepartementet datert 28.1.22, og vil med dette få søke om utgreiing av deling av Kinn kommune etter inndelingslova § 8, 2. ledd.

Grunngjeving, jf. inndelingslova § 8, 4. ledd

[Søknaden er grunngjeve med at erfaringene som er gjort i løpet av perioden viser at ein samanslått kommune, gitt reiseavstandar og ulikskap i kultur, samt usemje i viktige sakar ikkje gjev ein optimal framtidig struktur for kommunen. Det er óg ønskjeleg for kommunen at folket skal høyrast gjennom folkerøysting om tilhøva, jf. innledingslova § 10.

Kommunestyret vurderer at det er naudsynt med ei utgreiing som omsøkt for å få avklart om det vil vere positivt for innbyggjarane å halde fram med ein kommune utan felles grenser. Kinn kommunestyre konstaterer at der er betydelig motstand mot den sammenslåtte kommunen Kinn blant innbyggerne. For å få ro i denne saken ser vi behov for å få utreda om Kinn sin vidare framtid.

Vi ber difor om at Statsforvalteren gjennomfører slik utgreiing.

Vi understreker samtidig at Kinn kommunestyre ikkje med dette har teke endeleg stilling til å Kinn bør delast opp eller ikkje. Det vil vi først ta stilling til etter at slik utgreiing er gjort]

Forslag til nye grenser, jf. inndelingslova § 8, 4. ledd.

Grensene til eventuelle inndelte kommuner skal være på ein slik måte at det fylgjer dei gamle kommunegrensene. (Dette inneber at den eine delen skal vere den delen av Kinn som er på nordsida av Bremanger, medan den andre skal vere på sørsida.)

Venleg helsing

Kinn kommunestyre v/ordføraren (s)

Bakgrunn for saka:

I sak 179/21 vedtok kommunestyret:

«Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram konsekvenser for ei deling. Det skal

foreligge informasjon til innbyggjarane som seier noko om økonomi, arbeidsplassar og vekst

Kinn, kontra Flora og Vågsøy, i tråd med beskrivelsen som følger saka. Konsekvensutredninga må

gjerast av eksterne aktører.

Utredninga skal nyttast som grunnlag for seinare å handsame

innbyggjarinitiativet. Utredninga skal være ferdig innan 01.05.2022.»

Saksopplysningar:

Ordføraren har bede meg om å sjå på korleis de kan gjere kommunestyret sitt vedtak meir presist og dekkande for den aktiviteten som vil skje.

Saka vert lagt fram for formmanskapat som kan drøfte den i forkant av neste møte i kommunestyret

Vurderingar:

Eg har sett på korleis Ålesund kommune har laga ei bestilling mandat overfor det eksterne konsultentselskapet som skal utgreie spørsmålet om ei eventuell utskiljing av Haram. Framlegget ovanfor byggjer på det same som dei no bruker i Ålesund kommune.

Kommunestyret sitt vedtak frå desember 2021 seier blant anna:

«Det skal foreligge informasjon til innbyggjarane som seier noko om

økonomi, arbeidsplassar og

vekst Kinn, kontra Flora og Vågsøy, i tråd med beskrivelsen som følger saka.»

Kommunedirektøren meiner at vi kan dekke det temaet under framlegget til vedtak punkt 1 a) samfunnsutvikling. Uansett, begge vedtaka vil følgje saman med saksutgreiingane som ei ramme for tilbodsgrunnlag overfor eksterne aktørar.

Økonomiske konsekvensar:


Det er sjølvsagt for tidleg å seie kva den eskterne konsulenttenesta vil koste. Ei utlysing vil seinare klargjere det. Vi har som kjend søkt departementet (RS til FORM) om midlar. I den søknaden har vi tatt høgde for blant anna det informasjonsarbeidet kommunestyret sitt opphavlege vedtak byggjer på. VI må kome tilbake til dei økonomiske konsekvensane seinare i prosessen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Tildeling av tilskot til utgreiing om ei mogeleg ko(10204)
Søknad om tilskot til utgreiing om ei mogeleg kommunedeling



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/22	Prosjektutvalet	26.01.2022
004/22	Kommunestyret	10.02.2022

Skram skole - Veggen vidare

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunedirektøren skal gjere tiltak for å minimere vidare kontraktfesta arbeid med konsulent og sette på hold planlagt arbeid som ikkje er starta opp. Om nødvendig, også terminere gjeldande kontraktar og eventuelt inngå avtaler om moglege erstatningar.
2. Kommunedirektøren skal arbeide vidare med reviderte romprogrammet datert 03.11.12. Ein skal her sjå om det framleis finnast rom for å gjere kostnadssparande innskrenkingar og innsparingar.
3. Ein skal utgreie andre tomtealternativ og samanlikne disse opp mot bruk av Skram tomta.

Vedtak som innstilling frå Prosjektutvalet - 26.01.2022

1) Kommunedirektøren skal arbeide vidare med reviderte romprogrammet datert 03.11.12. Ein skal her sjå om det framleis finnast rom for å gjere kostnadssparande innskrenkingar og innsparingar.

2) Skram skule skal byggast på eksisterande tomt.

Prosjektutvalet 26.01.2022:

Handsaming:

Framlegg Høyre, foreslått av Arlene Vågane, Kinn Høyre
pkr3 Skram skule skal byggast på eksisterande tomt

Punktvis røysting:

Punkt 3: KD sitt framlegg fekk 1 røyst (Teigen), og falt.

Repr. Vågane sitt framlegg til nytt punkt 3 fekk 4 røyster og vart vedteke.

Punkt 2 vart samrøystes vedteke. Det vart ikkje røysta over punkt 1.

PRUT- 005/22 Vedtak:

1) Kommunedirektøren skal arbeide vidare med reviderte romprogrammet datert 03.11.12. Ein skal her sjå om det framleis finnast rom for å gjere kostnadssparande innskrenkingar og innsparingar.

2) Skram skule skal byggast på eksisterande tomt.

Kommunestyret 10.02.2022:**Handsaming:**

Tillegg til prosjektutvalet si innstilling, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Nytt punkt 1: Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre planlegginga og arbeidet med Skram skule med sikte på at prosjektet skal innarbeidast i økonomiplanen ved første rullering.

Punkt 1 og 2 frå prosjektutvalet vert nye punkt 2 og 3

Røysting:

Prosjektutvalet sitt framlegg samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslag frå Frp v/ repr. Djuvik samrøystes vedtatt.

KOST- 004/22 Vedtak:

1) Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre planlegginga og arbeidet med Skram skule med sikte på at prosjektet skal innarbeidast i økonomiplanen ved første rullering.

2) Kommunedirektøren skal arbeide vidare med reviderte romprogrammet datert 03.11.12. Ein skal her sjå om det framleis finnast rom for å gjere kostnadssparande innskrenkingar og innsparingar.

3) Skram skule skal byggast på eksisterande tomt.

Bakgrunn for saka:

Gjennom vedtaket i KOST-177/21 (økonomiplan for 2022-2025) vedtok Kommunestyret å redusere løyvinga til ny Skram skule jf. budsjettvedtak B13 til 2 MNOK, for bruk i 2022. Utover desse pengane er det ikkje gitt vidare løyving til realisering av prosjektet.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren er av en oppfatning om at, dagens midlertidige løysning ved bruk av modul-skulen ikkje er hensiktsmessig over tid. Dette gjeld både for elevane, lærarar, foreldre og andre som har nytta «gamleskulen» både på dagtid og kveldstid.

Kommunedirektøren har som følgje av dette, valt å fremme denne saka om vidare utgreiing, med sikte på om mogeleg ytterlegare å kunne redusere den totale kostnaden for prosjektet.

I gamle Vågsøy kommune vart det tidleg i 2018 utarbeidd eit moglegheitsstudie (Nordconsult AS), for ein ny felles skule for heile Vågsøy Kommune. I tillegg til å gjere vurderingar rundt størrelsen på ein slik samla fellesskule inkl. romprogram, vart det gjort ei vurdering av 4 stk. alternative tomter.

Desse var....

- A. Holvik
- B. Moldøen – Sæterneset
- C. Kulavågen
- D. Nygårdsvika



Konklusjonen og anbefaling frå rapporten (sitat) som fyljer...

Tomteanalysene viser at alternativ 2 Moldøen – Sæterneset og alternativ 4 Nygårdsvika kommer best ut. Alternativ 3 Kulavågen ligger på fastlandet, men kommer dårligere ut enn alternativ 4 Nygårdsvika i forhold de fleste kriteriene. Alternativ 1 Holvik blir vurdert som uegnet pga. svært dårlig veiforbindelse mot øst.

Alternativ 2, Moldøen – Sæterneset

Negative forhold:

Særlig vindutsatt tomt, kostbar opparbeiding /sikring av tomt, ikke tilfredsstillende gang og sykkelvei fra sentrum. Vil kreve en større skole enn med alt.4 pga.idrettsareal.

Positive forhold:

Nærhet til sentrum og friområde, mange elever bor i Måløy (kort avstand til sentrum). Tilfredsstillende solforhold. Positivt med skole her i forhold til sentrumsutvikling.

Alternativ 4 Nygårdsvika

Negative forhold:

For langt unna der folk flest bor, mange elever avhengig av transport. Lokaliseringkan virke negativt i forhold til sentrum utvikling. Deler av tomten er rasutsatt.

Positive forhold:

Nærhet til idretts - og kulturfasiliteter. Lun og solrik tomt. Eksisterende gang – og sykkelvei fra Kulen til skoletomten. Mindre kostbar opparbeiding av tomt enn med alt.2.

Alternativ 2 og 4 kommer best ut av lokaliseringsanalysen, men det hefter store svakheter/mangler også ved disse alternativene. Usikkerhet rundt stenging av Måløybroen og en stor andel elever avhengig av skoleskyss vil gjøre seg gjeldende med begge alternativer. Norconsult vil anbefale at det gjøres en enkel vurdering av en delt løsning med ny skole på tomten til Skram skole og en videreføring av Skavøypoll skole, eventuelt med alternativ lokalisering i Nygårdsvika. En slik delt løsning med to skoler, vil redusere behovet for skoleskyss vesentlig og problematikken med stengt bro vil utgå.

Skram skole

Hausten 2018 leverte Norconsult en muligheitsstudie for Skram skule. Denne studien danne grunnlaget for valet om å vidareføre prosjektet om en ny Skram skole på eksisterande tomt.

Vurderingar:

Kommunestyret har løyva 2 MNOK til vidare arbeid med prosjektet for ein ny Skram skole. I samband med dette vedtaket, har politisk leiing vore tydeleg i si uttale som i form av ei munnleg bestilling, bede om at kommunedirektøren må gjære ytterlegare kostnadssparande tiltak og sjå etter andre mogelege tomter.

I arbeidet som hittil har vore gjort i prosjektetfasa Programmering, var nærme milepålen M-2 (designbase frys). Som fylje av den politiske bestillinga er ein nøydd ta prosjektet tilbake i Prosjekt analysefasen. Dette betyr at ein naturleg nok vil få ein del ekstra kostnader for dette arbeidet. Resultatet av dette arbeidet og vidare val, vil avgjere kor mykje av arbeidet gjort i programmeringsfasen som kan nyttast vidare.



Kommunedirektøren gjer derfor framlegg om å arbeide vidare med prosjektet som beskrive under. Der mellom anna målet er å få på plass ein realistisk kalkyle som kan nyttas som grunnlag for arbeid med Skram skule kommande økonomiplanprosess.

1. Minimere vidare kontraktfesta arbeid med konsulent og sette på hold planlagt arbeid som ikkje er starta opp. Om nødvendig, også terminere gjeldande kontraktar og eventuelt inngå avtaler om mogelege erstatningar.
 2. Arbeide vidare med reviderte romprogrammet datert 03.11.12. Ein skal her sjå om det finnst rom for å gjere kostnadssparande innskrenkingar og innsparingar.
 3. Gjere utgreiing av andre tomtealternativ og samanlikne disse opp mot bruk av Skram tomta. I dette arbeidet skal ein blant anna gjere vurderingar slik som:
 - Reguleringsstatus.
 - Infrastruktur VA, el, fiber etc.
 - Vegtilkomst, trafikkanalyse – krav til skuleveg, reisetider etc.
 - Kostnader for erverv av tomter.
 - Vurdering av brutto/nettofaktor for ny bygningsmasse for spesifikk tomt.
 - Dagleg skoledrift vurdert med tanke på tomtens mogelege utforming av bygga/plassering av bygga.
 - Vær og vind vurdering – Drift av skole (skulekvardag), FDV kostnader/Ekstra krav til materialar etc.
 - Mogleg utviding av skolen.
 - Usikkerheitsvurderingar av tomtealternativet.
 - Forventa ferdigstillingstid.
 - Kostnadsestimat for opparbeiding til «byggekla» tomt inkl. eventuelle rivekostnader.
 - Samla forventningsrett totalkostnadsestimat inklusiv prosjekt reservar, usikkerheitsavsetningar og prisregulering (P-85 Estimert) NS-3453.
- Reguleringsstatus.
 - Infrastruktur VA, el, fiber etc.
 - Vegtilkomst, trafikkanalyse – krav til skuleveg, reisetider etc.
 - Kostnader for erverv av tomter.
 - Vurdering av brutto/nettofaktor for ny bygningsmasse for spesifikk tomt.
 - Dagleg skoledrift vurdert med tanke på tomtens mogelege utforming av

bygga/plassering av bygga.


- Vær og vind vurdering – Drift av skole (skulekvardag), FDV kostnader/Ekstra krav til materialar etc.
- Mogleg utviding av skolen.
- Usikkerheitsvurderingar av tomtealternativet.
- Forventa ferdigstillingstid.
- Kostnadsestimat for opparbeiding til «byggekla» tomt inkl. eventuelle rivekostnader.
- Samla forventningsrett totalkostnadsestimat inklusiv prosjekt reservar, usikkerheitsavsetningar og prisregulering (P-85 Estimert) NS-3453.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje aktuelt

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Ikkje aktuelt



Saksnr.	Utval	Møtedato
007/22	Oppvekst- og kulturutvalet	07.02.2022
005/22	Kommunestyret	10.02.2022

Oppgradering av modulbygget på Tennebø

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren vurderer at løysinga med nye brakker for å gje betre undervisningstilhøve for elevane på modulskulen må realiserast, slik det går fram av vedlagde notat og skisser.

Arbeidet med å auke kapasiteten ved modulskulen må startast snarleg, slik at utbetringa kan ferdigstillast til oppstart av skuleåret 2022-2023.

Brutto investeringskostnad som er berekna til kr 4,6 mill, vert finansiert gjennom auka låneopptak som vert å innarbeide i 1. tertialrapport 2022.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 07.02.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren vurderer at løysinga med nye brakker for å gje betre undervisningstilhøve for elevane på modulskulen må realiserast, slik det går fram av vedlagde notat og skisser.

Arbeidet med å auke kapasiteten ved modulskulen må startast snarleg, slik at utbetringa kan ferdigstillast til oppstart av skuleåret 2022-2023.

Brutto investeringskostnad som er berekna til kr 4,6 mill, vert finansiert gjennom auka låneopptak som vert å innarbeide i 1. tertialrapport 2022.

Oppvekst- og kulturutvalet 07.02.2022:

Handsaming:

Kommunalsjef Runa Nybakk orienterte og svarte på spørsmål.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 007/22 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren vurderer at løysinga med nye brakker for å gje betre undervisningstilhøve for elevane på modulskulen må realiserast, slik det går fram av vedlagde notat og skisser.

Arbeidet med å auke kapasiteten ved modulskulen må startast snarleg, slik at utbetringa

kan ferdigstillast til oppstart av skuleåret 2022-2023.

Brutto investeringskostnad som er berekna til kr 4,6 mill, vert finansiert gjennom auka låneopptak som vert å innarbeide i 1. tertialrapport 2022.

Kommunestyret 10.02.2022:

Handsaming:

Røysting:

Framlegg frå oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 005/22 Vedtak:

Kommunedirektøren vurderer at løysinga med nye brakker for å gje betre undervisningstilhøve for elevane på modulsulen må realiserast, slik det går fram av vedlagde notat og skisser.

Arbeidet med å auke kapasiteten ved modulsulen må startast snarleg, slik at utbetringa kan ferdigstillast til oppstart av skuleåret 2022-2023.

Brutto investeringskostnad som er berekna til kr 4,6 mill, vert finansiert gjennom auka låneopptak som vert å innarbeide i 1. tertialrapport 2022.

Bakgrunn for saka:

2. – 6. årstinn ved Skram skule har sidan august 2021 hatt tilhald på modulsulen på Tennebø. Leiinga ved Skram skule melder nå om utfordringar med for lite areal til å kunne dele elevgrupper, og areal for tilpassa opplæring for elevar som treng ekstra tilrettelegging og spesialundervisning.

Det er skissert ei løysing med 7 nye brakker som vil gje skulen betre og meir funksjonelt undervisningsareal for elevane som i dag er på modulsulen, og for 7. trinn som får skuletilbodet sitt i klasserom i samfunnshallen.

Kostnaden med innkjøp av nye brakker og oppgradering av skuleanlegget på modulsulen er berekna til kr 4,6 mill.

Kommunedirektøren presenterte utfordringane med skuledrifta, planar for løysing og kostnadsoverslag i eige notat til formannskapet 1. februar 2022. Planen vidare er å legge fram sak for Kinn kommunestyre, med avklaring om korleis tiltaket kan finansierast.

Formannskapet gjorde vedtak om at saka skal handsamast i Oppvekst og kulturutvalet, før den går til Kinn kommunestyre for handsaming 10. februar.

Saksopplysningar:

I november 2020 gjennomførte Folkehelseavdelinga i Kinn eit hendingsbasert tilsyn på Skram skule. Vasslekasje og fuktskadar i bygget førte til at Skram skule ikkje vart godkjent etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler m.v.* utan omfattande rehabilitering og vedlikehald.

Prosjekt for ny Skram skule var starta opp, og det vart fatta vedtak om at drifta av Skram skule skulle flyttast til modulsulen på Tennebø frå august 2021 fram til ny skule var klar (OPKUV-13/21 og KOST-14/21).

Ut frå kartlagt arealbehov har Skram skule undervisning 3 ulike stader:

- 1. årstrinn har undervisningslokale på Skramsmarka i Måløy
- 2. – 6. årstrinn har undervisningslokale på modulsulen på Tennebø

7. Årstrinn har undervisningslokale i klasserom i samfunnshallen på Tennebø

Etter eit halvt år på modulskulen, melder leiinga ved Skram skole nå eit behov for eit meir funksjonelt undervisningsareal som betre stettar krav både til klasseundervisning og undervisning for enkeltelevar. Det er behov for å auka arealet slik at det kan leggst til rette for ei meir fleksibel og betre organisering av elevgruppene.

Skuleleiinga ved Skram skole presenterte mogleg løysing på utfordringar rundt driftssituasjonen, i møte med kommunedirektøren i veke 4.

Vi viser til vedlagt notat *Utviding av Modulbygg Tennebø*, som beskriv undervisningssituasjonen og moglege løysingar for at dette kan betrast. Vedlegget inneheld også ei kostnadskalkyle for utviding og utbetring, utarbeidd av dei tekniske driftstenestene.

Vurderingar:

Modulskulen på Tennebø er tatt i bruk av Skram skole fordi det er avdekka utfordringar med inn klima på Skram skole, og fordi prosjektet med å bygge ny skule er starta opp. Det er gjennomført tiltak for at elevar på barnetrinnet skal ha eit godt undervisningsareal med tilhøyrande uteareal.

Erfaringar ein har fått etter eit halvt år på modulskulen, tilseier at det må leggst til rette for eit auka areal som betre stettar kravet og behovet som skulen har for ei meir fleksibel og betre organisering av barnegruppene i ulike undervisningssituasjonar. Plassmangel utfordrar både klasseundervisninga og undervisninga for enkeltelevar.

Ei tidlegare vurdert løysing med fleire brakker som gjev auka arealet i 2. høgda ved modulskulen, vil gje undervisningsareal for 2. – 7. årstrinn i same bygget. Ei enkel ombygging vil i tillegg gje fleire grupperom og muligheit til å dele elevgruppene. Modulskulen er dimensjonert for brakkemodular i fleire høgder, og ei utviding med fleire brakker i 2. etasje er mogleg å gjennomføre. Vi viser til vedlagde skisser over planlagd utviding/ombygging av modulskulen.

Undervisning i kunst – og handverksfaget er planlagt flytta til klasserom i samfunnshallen, som vert frigjort ved at 7. trinn får undervisningsareal ved modulskulen. Ein vil då få ei funksjonell formingsavdeling.

Primært er det ønskje om å samle alle elevane i eitt bygg. Ut frå ei heilheitleg vurdering er det mest hensiktsmessig å halde fram med ei mellombels løysing der 1. årstrinn får undervisning ved Skramsmarka i Måløy, der også SFO-tilbodet er organisert. Elevar i 1. klasse får SFO-tilbod i same bygget som dei har undervisning. Elevar som går på skule i modulbygget, kan nytte retten til gratis skuleskyss etter skuletid og få SFO-tilbod i Måløy.

Kommunedirektøren vurderer at løysinga med nye brakker for å gje betre undervisningstilhøve for elevane på modulskulen må realiserast, slik det går fram av vedlagde notat og skisser. Dette vil gje eit betre undervisningstilbod for alle elevane i 2. – 7. årstrinn ved Skram skole. Arbeidet med å auke kapasiteten ved modulskulen må startast snarleg, slik at utbetringa kan ferdigstillast til oppstart av skuleåret 2022-2023.

Økonomiske konsekvensar:

Ei oppgradering av modulskulen på Tennebø med kjøp av fleire brakker, er kostnadsrekna til kr 4 654 312,- inklusivt moms. I summen er det også berekna kostnadar med betre tilrettelegging av uteområdet ved modulskulen.

Berekna kostnadar med utviding/ombygging av modulskulen på Tennebø

Brutto kostnad kr

4 660 000

låneopptak kr	-3 730 000
mva.kompensasjonssinntekt kr	-930 000
	0

Kostnaden med kjøp av brakker og ombygging er ikke innarbeidd i gjeldende investeringplan. Kommunedirektøren foreslår at investeringa kan løysast med auka låneopptak som må innarbeidast i 1. tertialrapport 2022.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»


Vedlegg i saken:

NOTAT FORM 010222

Notat KD Modulbygg Tennebø

Modulbygg skisse plan 1 etg

Modulbygg skisse plan 2 etg



Saksnr.	Utval	Møtedato
007/22	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	25.01.2022
006/22	Kommunestyret	10.02.2022

Revidert vertskommuneavtale om interkommunale helsetenester ved Nordfjord sjukehus

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Framlegg til revidert vertskommuneavtale mellom Stad kommune som vertskommune og Kinn og Stryn kommunar vert godkjend.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial og omsorgsutvalet - 25.01.2022

Framlegg til revidert vertskommuneavtale mellom Stad kommune som vertskommune og Kinn og Stryn kommunar vert godkjend.

Helse-, sosial og omsorgsutvalet 25.01.2022:

Handsaming:

Orientering v/ kommunalsjef Norunn Stavø.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 007/22 Vedtak:

Framlegg til revidert vertskommuneavtale mellom Stad kommune som vertskommune og Kinn og Stryn kommunar vert godkjend.

Kommunestyret 10.02.2022:

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtatt å utsette saka.

KOST- 006/22 Vedtak:

Sak utsatt.

Bakgrunn for saka:

Godkjenning av revidert vertskommuneavtale mellom Stad kommune som

vertskommune og samarbeidskommunane Kinn og Stryn.

Saksopplysningar:

Nordfjordkommunane har gjennom fleire år hatt eit samarbeid kring interkommunale tilbod lokalisert ved Nordfjord sjukehus. I forbindelse med endring i kommunestrukturane i samarbeidet, vart avtalen mellom kommunane revidert med nye kommunestyrevedtak i Stryn, Kinn og Stad gjeldande frå 01.01.20.

I avtalens punkt 15 står det:

Partane er samde om å gjennomgå avtalen innan 31.desember kvart år, og syte for jamleg rapportering og evaluering.

I forbindelse med revisjonen har avtalen vorte vesentleg endra, då det var naudsynt å i større grad tydeleggjere ansvar, mynde og oppgåvedeling mellom vertskommunen og samarbeidskommunane.

Vertskommuneavtalen vert av den grunn lagt fram for politisk handsaming. Ny avtale vert gjeldande frå 01.01.22.

Vurderingar:

Hovudføremålet er tydeleggjering av ansvar, mynde og oppgåvefordeling mellom partane i samarbeidet og vil såleis føre til ei klargjering mellom kommunane.

Økonomiske konsekvensar:


Ingen økonomiske konsekvensar

Vedlegg:**Vedlegg**

Framlegg til revidert vertskommuneavtale om interkommunale helsetenester ved Nordfjord sjukehus

Vedlegg i saken:

Revidert vertskommuneavtale mellom Stad kommune som vertskommune og kommunane Kinn og Stryn gjeldande frå 01.01.2022



Saksnr.	Utval	Møtedato
008/22	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	25.01.2022
007/22	Kommunestyret	10.02.2022

Skjenkeløyve Måløy Spiskammers AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Måløy Spiskammers AS , org. nr. 928 085 724, ved dagleg leiar Andreas Foss Iversen, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokaler for dette, Kraftstasjonen AS, Gate 1, 97, 6700 Måløy. Løyvet gjeld til og med 30.09.2024.

Godkjent styrar	Andreas Foss Iversen, født 21.10.1994
Godkjent stadavløysar	Jon erik Kvaale Øien, født 11.06.1993
Godkjent lokale	Kraftstasjonen AS, inne og ute, jf. godkjente planteikningar
Type verksemd	Restaurant
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Kraftstasjonen AS	08.00-02.00	13.00 – 02.00	03.00	03.00

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial og omsorgsutvalet - 25.01.2022

Måløy Spiskammers AS , org. nr. 928 085 724, ved dagleg leiar Andreas Foss Iversen, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokaler for dette, Kraftstasjonen AS, Gate 1, 97, 6700 Måløy. Løyvet gjeld til og med 30.09.2024.

Godkjent styrar	Andreas Foss Iversen, født 21.10.1994
Godkjent stadavløysar	Jon erik Kvaale Øien, født 11.06.1993
Godkjent lokale	Kraftstasjonen AS, inne og ute, jf. godkjente planteikningar
Type verksemd	Restaurant
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med

forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Kraftstasjonen AS	08.00-02.00	13.00 – 02.00	03.00	03.00

Helse-, sosial og omsorgsutvalet 25.01.2022:

Handsaming:

Orientering v/ avdelingsleiar Bodil Gjerde.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt.

HSOUV- 008/22 Vedtak:

Måløy Spiskammers AS , org. nr. 928 085 724, ved dagleg leiar Andreas Foss Iversen, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokaler for dette, Kraftstasjonen AS, Gate 1, 97, 6700 Måløy. Løyvet gjeld til og med 30.09.2024.

Godkjent styrar	Andreas Foss Iversen, født 21.10.1994			
